

## Sogn og Fjordane Ungdomslag

ORGNR. 974805677  
WWW.SOFUL.NO  
WWW.FACEBOOK.  
COM/SOFUL/

### PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG SØNDAG 8. MARS. KL. 13.00

#### Deltakarar på årsmøte

| Lag         | Namn               | Lag                   | Namn                    |
|-------------|--------------------|-----------------------|-------------------------|
| Lavikdal UL | Brit Strandos      | Undredal UL           | Brita Undredal          |
| Lavikdal UL | Christer Systad    | SOFUL/Fjærland UL     | Knut P. Bøyum           |
| Kyrkjebø UL | Olav Ivar Luggenes | SOFUL/Heimhug UL      | Jorunn Sundal           |
| Flekkje UL  | Ellinor Espedal    | SOFUL/Førde UL        | Inge Masdal             |
| Dale UL     | Mikael Størkersen  | SOFUL/Undredal UL     | Olaf Skjerdal           |
| Dale UL     | Malene W. Helle    | SOFUL/Dale UL         | Asbjørn Eikerol         |
| Førde UL    | Arve Hornes        | HiB/SOFUL/Fjærland UL | Christoffer Knagenhjelm |

#### TRUDVANG UNGDOMSHUS, DALE

**Vertskap for årsmøtet var Dale UL. Barnedansen til Dale underhaldt i pausen og årsmøtet vart orientert om Dale UL. Styret i SOFUL takker for god mat og godt vertskap!**

#### Årsmøtesaker:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar og referent
3. Årsmelding, SOFUL og HiB
4. Rekneskap for 2019
5. Arbeidsplan. Styret viser til søknad om kulturstøtte for oversikt over prioriterte arbeidsområde i 2020
6. Barnestemne
7. Budsjett for SOFUL og HiB 2020
8. Orientering om stillingsprosenten til Christoffer Knagenhjelm
9. Ev. innkomne saker frå lokallaga
10. Ev. framlegg om årsmøtestad i 2021
11. Val: Styre med vara, revisorar og valnemnd. Innstillingar blir gjort kjent i møtet om ikkje ferdig før



## SAK 1. OPNING OG KONSTITUERING AV ÅRSMØTET

*Innkalling og sakliste vart godkjent*

## SAK 2. Val av møteleiar, referent og to til å underteikne protokoll

- Arve Hornnes vart samrøystes godkjent som møteleiar.
- Christoffer Knagenhjelm vart samrøystes godkjent som referent.
- Arve Hornes og Brita Undredal vart samrøystes valt til å signere årsmøtereferatet.

## SAK 3. ÅRSMELDINGAR FRÅ STYRET

Årsmelding til SOFUL vart gjennomgått av nestleiar Knut P. Bøyum.

Det var ingen kommentarar til årsmeldinga for SOFUL.

Årsmelding til HiB vart gjennomgått av Christoffer Knagenhjelm.

Det var ingen kommentarar til årsmeldinga for Huset i bygda.

***Vedtak: Årsmøtet godkjende samrøystes årsmelding for SOFUL 2019 og årsmelding for HiB 2019.***

## SAK 4. REKNESKAP FOR 2019

Jorunn Sundal la fram rekneskapa for 2019, inkludert prosjektrekneskap for «Jol i Sogn» og Huset i bygda og las opp revisjonsmeldinga frå Ingvar Linde.

- Lagsdrifta til SOFUL: Underskot på kr. – 41 730,32
- Huset i bygda: Underskot på kr. – 54 472,5
- Lagsdrifta til SOFUL og HiB:  
Samla underskot på - 96 202,82
- Jol i Sogn: Overskot på kr. 53 584,25

***Vedtak: Årsmøtet godkjente samrøystes rekneskapa for 2019 for SOFUL og HiB***

## SAK 5. ARBEIDSPLAN

Styret viser til søknad om kulturstøtte for oversikt over prioriterte arbeidsområde i 2020  
Christoffer Knagenhjelm orienterte om styret sin arbeidsplan for 2020. Planen tek utgangspunkt i søknad om kulturmidlar til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Her er det søkt om 100 000,- i prosjektstøtte. I tillegg vil SOFUL søke om driftsmidlar 1. mai.

Det kom inn ønske frå lokallag under årsmøtet om å arrangere kurs i styrearbeid for å auke kompetansen og for å få synleggjort formar for aktivitetar lokallaga kan ha.



**Vedtak: Årsmøtet tok arbeidsplanen til orientering. Styret vil arbeide med å få på plass styrekurs retta mot lokallag.**

## 6. BARNESTEMNE

Styret orienterte om at SOFUL er i dialog om felles barnestemne med Hordaland. Hordaland UL har bedt Voss UL om å vere arrangør. Tidspunkt for barnestemne vert truleg til hausten og SOFUL vil i så fall bidra med 10 000,- i arrangementstøtte.

**Vedtak: Årsmøtet hadde ikkje merknad til dette og tok saka til orientering**

## SAK 7. BUDSJETT FOR SOFUL OG HIB, 2020

Christoffer Knagenhjelm informerte og la fram budsjett for 2020 for SOFUL og HiB. I budsjettet er det lagt opp til balanse i drifta. Dette forutsett økonomisk tilskot frå Vestland fylkeskommune. I tillegg vil styret sjå på andre finansieringskjelder. Styret viste òg til punkt 8. orientering om stillingsprosenten til Christoffer Knagenhjelm.

Føresetnad for samla budsjett er at Vestland fylkeskommune inngår avtale for drifta. Her er vi i dialog om ulike økonomiske modellar med fylkeskommunen. Julehefta er òg særskilt viktig for SOFUL. Merksemd og sala aukar og hefta er viktig for økonomien i laget. Styret og redaksjonane for hefta legg ned mykje arbeid her.

Styret arbeider vidare med å sikre finansiering av HiB etter 2020. Samanslåing av fylka gjer at alle fylkesdekkande lag og organisasjonar må søke om driftsmidlar innan 1. april og 17. juni. I tillegg har HiB inngått avtale med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om å administrere tilskota til lokale kulturbygg. HiB vil i 20120 få eit vederlag på 40 000,- for administrativt arbeid. I tillegg vil SOFUL gå inn med 22 000,- i egne midlar i HiB for 2020.

Når det gjeld HiB er styret open for at det kan kome krav frå nye Vestland fylke om at ordninga skal gjelde heile det nye fylket.

**Vedtak: Årsmøtet godkjente samrøystes budsjetta utan merknadar**

## 8. ORIENTERING OM STILLINGSPROSENTEN TIL CHRISTOFFER KNAGENHJELM

Styret og Christoffer Knagenhjelm orienterte om endring av stillingsprosenten. Pga. usikkerheit om finansiering av stillinga framover har Knagenhjelm gått ned frå 60% til 30% stillingsprosent. Det vert arbeidd målretta for å endre den økonomiske situasjonen slik at SOFUL kan auke stillingsprosenten til opphavleg nivå. M.a. er det avtalt møte med Vestland fylkeskommune 10. mars for å diskutere økonomisk støtte til HiB.

**I tillegg vart det gjort vedtak om utarbeiding av resolusjon om at årsmøtet ser på stillinga til Christoffer Knagenhjelm som særskilt viktig for det frivillige arbeidet og at fylkeskommunen må støtte dette arbeidet økonomisk. Styret vil utarbeide resolusjonstekst som vil bli sendt til årsmøtedelegatane for godkjenning.**

**Vedtak: Årsmøtet tok orienteringa til vitande.**

## 9. EV. INNKOMNE SAKER FRÅ LOKALLAGA

*Det var ingen innkomne saker frå lokallag til årsmøtet*

### SAK 10. FRAMLEGG OM ÅRSMØTESTAD I 2021

Denne saka vart handsama som orientering frå styret. Frå styret sin side er det ønskjeleg at årsmøtestad vert bestemt så tidleg som mogleg og helst året før neste årsmøte. Det vart ikkje konkludert med årsmøtestad for 2021 under årsmøtet. Styret vil difor kontakte lokallag når det gjeld årsmøte 2021.

### SAK 11. VAL

Framlegg frå valnemnda vart presentert av leiar av valnemnda, Arve Hornnes.

- Leiar: Hildegunn Gjelsvik, attvald for 1 år
- Styremedlem: Knut P. Bøyum, Ikkje på val
- Styremedlem: Jorunn Sundal, attvald for 2 år
- Styremedlem: Inge Masdal, attvald for 2 år
- Styremedlem: Olaf Skjerdal, ikkje på val

Varamedlemer for eitt år:

1. vara Asbjørn Eikerol, attvald for 1 år.
2. vara Anne Tykhelle, attvald for 1 år.
3. vara Arve Slettenes, attvald for 1 år.

Styret i 2020 blir etter dette slik:

- Hildegunn Gjelsvik, leiar. På val i 2021
- Knut P. Bøyum, styremedlem. På val i 2021
- Jorunn Sundal, styremedlem. På val i 2022
- Inge Masdal, styremedlem. På val i 2022
- Olaf Skjerdal, styremedlem. På val i 2021

Valnemnd:

Arve Hornes og Annbjørg Førde, attvald for 1 år.  
Revisor: Ingvar Linde, attvald for 1 år.

**Vedtak: årsmøtet godkjente samrøystes valnemnda sin innstilling**

Referent: Christoffer Knagenhjelm

- Rådgevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

Stad/dato:

Arve Hornes



Kyrkjegota 1, 6854 Kaupanger • Mob. 48 00 48 17  
Bank: 3710.07.05053 • Org. nr. 974 805 677 • E-post: christoffer@ungdomslag.no  
www.soful.no • www.facebook.com/soful/

Stad/dato: Undredal/25.03.2020

Brita Undredal

